



# ÅRSMELDING 2021

---

## ÅRSMELDING


### IL JOTUN ALLIDRETT

*for perioden*

*1. januar 2021 til 31. desember 2021*

---

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3705.39.43498  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



### 1. Styret sin samansetning

- Leiar: Marianne Sundal
- Økonomi: Marianne Sundal
- Øvrige styrerepresentantar: May Lisbeth Midtun, Jorunn Smedegård, Kristiane Seim, Linn Theres Kristiansen

### 2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

### 3. Møter

- Tal på styremøter i gruppa: 1
- Elles har det føregått mykje informasjon og fordeling av arbeidsoppgåver via lukka gruppe på Messenger.

### 4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungane skal ha eit godt og variert tilbod. I år som i fjor har me fokusert på at aktivitetane i allidretten skal vere knytt opp til dei ulike særgruppene i idrettslaget. Me har eit godt samarbeid med særgruppene som tilbyr ulike aktivitetar til ungane. I år har me hatt hjelp frå skigruppa, turngruppa, fotballgruppa, handballgruppa og friidrettsgruppa. Gruppene blir kontakta før aktivitetsplanen blir lagt, der dei får komme med ynskjer om kva dagar dei kan vere med. Dei er velkomne til å delta på så mange økter dei sjølv ynskjer.

Året har vore prega av covid-19 og smittevernreglar. Me har tatt endringar på kort varsel og me ser at både ungar, trenarar og foreldre har tilpassa seg godt. Alle har stilt opp på best mogleg vis for å få til aktivitet for ungane.

I vår fekk 1. og 3. klasse trening på tysdagar og 2. og 4. klasse på torsdagar. På denne måten fekk alle klassane ein time med allidrett i veka. Dette har fungert veldig godt. Minuset er at me på denne måten mista handballen til 3. og 4. klasse på torsdagane.

I haust fekk me ha normale tider igjen, der alle har trening tysdagar og handball for 3. og 4. klasse annakvar torsdag. Her har handballgruppa vore ansvarleg for øktene.

Vaflekafeen var stengt før sommaren pga covid, men me fekk ha ope nokre gonger på hausten. Som vanleg veldig populært for ungane.

Turngruppa hadde to økter med kvar av klassetrinna i vår, men fekk ikkje anledning til å vere med i haust. Alle øktene har vore i idrettshallen med instruktørar frå turngruppa. Her har ungane fått prøve seg på ulike turnøvingar med god hjelp og støtte frå turninstruktørane.

Friidrettsgruppa har hatt ei økt med kvart av klassetrinna i vår og ei i haust, der den eine var ei kjekk ute-økt. Her har øktene blitt lagt opp som stasjonsleik der ungane får prøve ulike aktivitetar relaterte til friidrett, kjempekjekt.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705.39.43498
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Me fekk ikkje vere i bassenget i vår pga smittevernreglane, men i haust fekk me til nokre økter. Dei var veldig populære. Her har foreldre eige ansvar for ungane, og må vere inne i hallen. Dei må vere ute i bassenget med ungar som ikkje er symjedyktige. Ein frå allidretten er alltid til stades under desse badeøktene.

Me har avtale med badevakter som er der gjennom alle øktene.

Balleiken blir organisert av fotballgruppa dei dagane det er fotball, elles er det foreldre som tek dett på dugnad. Det er dei ansvarlege foreldra som bestemmer kva ballspel som skal utførast.

Skigruppa var oppsett med 5 økter i vinter. Noko måtte avlysast pga dårleg vær/føre, men veldig populære økter når me kan gjennomføre. Dette er ein engasjert gjeng med godt innarbeidde rutinar. Skileik er den einaste aktiviteten der alle klassetrinna er samla på same tidspunkt. Her blir ungane delte slik at 1. og 2.klasse er for seg og 3. og 4.klasse for seg, slik at ungane får aktivitetar som passar føresetnadene deira.

Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og lage dugnadslister.

Me sørger for at det alltid er vaksne som har ansvar for øktene.

Me har valt å halde fram med sms varsling til dei som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

Dugnadshjelpa i vår har vore å registrere alle som er på trening i forhold til eventuell smittesporing, samt reingjere desinfisere etter kvar gruppe. Dei er ansvarlege for at smittevernreglane blir fulgt. Når kiosken er open, er dugnaden å drive denne, samt opprydding etterpå.

## 5. Medlemstal

- Frå 1. – 4. klasse er medlemstalet 131 ungar. Det er 12 fleire enn i fjor.

## 6. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund.

## 7. Konkurransar –Stemner – Turneringar

- 3. og 4. klasse har fått tilbod om å delta på minihandballturneringar i 2021, men mykje blitt avlyst pga covid-19.

## 9. Økonomi

- Sjå vedlegg

## 10. Anlegg & Utstyr

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetane, så me nyttar deira utstyr. Elles har me kjøpt inn fleire handballar som blir nytta under balleiken.

---

<b>Postadresse</b> IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	<b>Besøksadresse</b> Jotunhuset, Øvre Årdal <b>E-Post</b> post@iljotun.no	<b>Telefon</b>  <b>Telefaks</b>	<b>Bank</b> 3705.39.43498 <b>Foretaksregisteret</b> 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--



Vår dato  
01.02.22

Side 4 av 4  
Vår referanse

### 11. Oppgaver i året som kjem

- Arbeide for at ungane framleis får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten. Samt følge opp smittevernreglar som gjeld til ei kvar tid. Best mogleg trening ut frå dei forutsetningane me har.

### 12. Eksterne verv – representasjon

- Gruppa har ingen eksterne verv

#### Styret i allidretten

Marianne Sundal    May Lisbeth Midtun    Kristiane Seim

Jorunn Smedegård    Linn Theres Kristiansen

Jorunn Smedegård

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705.39.43498
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



## Resultatregnskap pr 31.12.2021

Idrottslaget Jotun Allidrett

Utarbeidet den 04.02.2022  
av Parata AS  
Alle beløp i NOK

Tekst	Regnskap hittil i år	Regnskap hittil i fjor
Salgsinntekter	28 640	43 900
Andre inntekter	0	9 334
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>28 640</b>	<b>53 234</b>
Varekostnader	3 471	1 446
Kostnader lokale	6 490	4 320
Verktøy, inventar	7 061	14 945
Fremmede tjenester	0	3 825
Forsikringer, garantier	0	1 000
Andre kostnader	279	438
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>17 302</b>	<b>25 974</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>11 338</b>	<b>27 260</b>
Finansinntekter	0	31
Finanskostnader	0	91
<b>Netto finansposter</b>	<b>0</b>	<b>-60</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>11 338</b>	<b>27 200</b>
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>11 338</b>	<b>27 200</b>

